



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokneråd

Møteprotokoll for Radøy sokneråd

Tid: 06.05.2015 kl. 18:00 – 21:00
Stad: RADØY KYRKJEKONTOR

Frammøtte:

Simon Walther Grandahl	Leiar
Gudrun Maria Solen Rikstad	Nestleiar
Marta Grønstad Hvidsten	Medlem
Ludvig Grindheim	Medlem
Oddvar Egil Stang	Varamedlem
Kristen Kvalheim	Varamedlem
Gunnar Olav Kartveit	Varamedlem
Kjell Johan Sekkingstad	Medlem

Forfall:

Elin Irene Klausen	Medlem
Kenth Remy Nesbø	Medlem
Britt Sissel Kvamme	Medlem
Silje Kristin Ellingsen	Medlem
Per Bjørkhaug	Varamedlem
Jostein Dale	Kommunal representant

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
2015/7		(F) Gjevarteneste: Bruk av midlar til trusopplæringsstilling	157.0
2015/8		(F) Framtidig kyrkjeordning.	008.0
2015/9		(S) Plan for trusopplæring	331.0
2015/10		(S) Soknerådsva 2015	002.00
2015/11		(S) Nye kyrkjetekstiler	413.0

Meldingar:

- Gudstenester i sommar - Messefall søndag 26.juli 2015.

KYRKJEKONTORET, 12.05.2015

2015/7 (F) Gjevarteneste: Bruk av midlar til trusopplæringsstilling

UTREDNING

Som det går fram av sak rs 22/2014 og 2015/5 (F) har soknerådet tidlegare gått inn for å arbeide for å få i gong gjevarteneste. Tiltaket må ha eit trygt økonomisk fundament slik at ein får tilsett ein person til i trusopplæringsarbeidet på Radøy.

Gruppa som vart sett ned for å jobbe med dette (Kristen Kvalheim, Kenneth Murberg, Wilco Vogelaar og MarianneStøylen Skauge) har i samarbeid med staben på kyrkjekontoret laga ei brosjyre for gjevarteneste i Radøy kyrkjelyd.

Denne er meint å brukast i arbeidet med å verve gjevarar.

I vedtaket frå soknerådsmøtet 11.mars heiter det:

"Vidare meiner soknerådet at det er viktig å kome i gong med gjevartenesta så fort som råd, og bed gruppa ta sikte på ei lansering i Radar, lokalavisene og digitale kjelder allereie før sommarferien.

Det er sær viktig at arbeidet kjem raskt i gong, mellom anna av omsyn til den kommunale løyvinga. Dersom det endelege målet er å få oppretta ei ny stilling knytt til trusopplæringsarbeidet, er det viktig å ha oversikt over finansieringa tidleg på hausten."

I løpet av møtet bør rådet alt no fastsetje datoar for lansering av kampanjen og framdrifta utover hausten.

INNSTILLING

Soknerådet godkjenner brosjyren til bruk i arbeidet med gjevartenesta.

I løpet av dei to siste vekene i mai har soknerådet saman med prosjektgruppa ei samling til inspirasjon og planlegging av lanseringskampanjen i juni.

Kyrkjelydsutvala kan også verte invitert til dette møtet.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet gav positive tilbakemeldingar på brosjyren og meiner at den er eit svært godt utgangspunkt. Vi bør likevel vurdere enkelte formuleringar.

Det kom ønske om at det vart gjeve betre informasjon om skattefrådrag. Det vart også stilt spørsmål ved bruk av fadder-begrepet.

Ønske om meir informasjon må likevel vegast opp mot at brosjyra skal vera lettlest og appellere til mange potensielle faste gjevarar.

Etter justeringar vert brosjyra sendt soknerådet i god tid før inspirasjonssamlinga veke 22/23.

VEDTAK

Soknerådet godkjenner brosjyren til bruk i arbeidet med gjevartenesta med endringar for innspel frå rådet. Etter justeringar vert brosjyra sendt soknerådet i god tid før inspirasjonssamlinga veke 22/23.

I løpet av veke 22-23 har soknerådet saman med prosjektgruppa ei samling til inspirasjon og planlegging av lanseringskampanjen i juni.

Kyrkjelydsutvala vert også invitert til dette møtet.

2015/8 (F) Framtidig kyrkjeordning.

UTREDNING

Kirkemøtet har bedt Kirkerådet legge frem ei sak om grunnleggende vegvalg for framtidig kyrkjeordning. Høyringssvara vil gje grunnlag for at Kirkemøtet kan handsame saka våren 2016 med sikte på det vidare arbeidet med å gjere endringer i ulike regelverk.

Høyringa handler med andre ord om fasen etter 2017 og ein føresetnad er at forvaltningsreformen for et tydelig skilje mellom staten og kyrkja då er gjennomført. Kirkerådet sendte høringsnotatet "Veivalg for framtidig kirkeordning" ut på brei høring i februar 2015. Vi er invitert til å gje høyringssvar og fristen er 4.juni 2015.

I Kirkerådets høringsnotat vert det lagt fram ei rekke tema og vegvalg for den framtidige kyrkjeordninga med i alt 27 spørsmål. Høyringsinstansen vert gjort merksam på at spørsmåla står i et visst forhold til kvarandre, noko som også er peika på i teksten. Det er høve til å berre svara på eit utval av spørsmåla.

Det er et mål for Kirkerådet å sikre ein brei og involverande prosess.

Visjon for kyrkjeordninga:

Ny ordning for Den norske kyrkja skal bidra til :

- at kyrkja kan utføre oppdraget sitt i ei ny tid
- at dei døypte kjenner glede ved å tilhøre kyrkja

Den nye ordninga skal sikre:

- god kyrkjeleg betjening over hele landet
- god ressursutnytting – meir kyrkje for pengane

Ordninga skal bidra til å gje kyrkja sine frivillige medarbeidarar:

- glede og frimodig i arbeidet
- tru på fellesskapet
- tru på eigne ressurser

Ordninga skal bidra til å gi rådsmedlemmene;

- glede ved å delta
- reell innverknad
- gode beslutningsunderlag
- god administrativ støtte i arbeidet

Ordningen skal bidra til å gi dei tilsette;

- glede i arbeidet
- tid til kjerneoppgåvene
- tydelig og forutsigbar leiingsstruktur

Kirkerådet har gjeve ei førebels vurdering av spørsmåla og har lagt fram både fleirtalet og eventuelle mindretal sitt syn.

Alle spørsmål er viktige, men det er særleg kapittel 5 og 7 som vil kunna ha størst konsekvensar for den lokale kyrkja.

INNSTILLING

Saka vert lagt fram utan tilråding.

MØTEBEHANDLING

Høringa er svært omfattande og reiser mange prinsipielle spørsmål som krev god tid dersom ein skal kunna gje tilfredstillande svar.

Soknerådet vurderte det som mest tenleg å setja ned ei gruppe som svarar på vegne av soknerådet innan fristen.

Kjell Sekkingstad, Simon Walther Grandahl og Ludvig Grindheim vart valgt til å utarbeide hørings svar.

VEDTAK

Soknerådet vel ei gruppe som svarar på vegne av soknerådet innan fristen.

Kjell Sekkingstad, Simon Walther Grandahl og Ludvig Grindheim vart valgt til å utarbeide hørings svar.

2015/9 (S) Plan for trusopplæring

UTREDNING

Trusopplæringsplanen for Radøy sokn er no klar. Planen (med vedlegg) er eit arbeidsreiskap for trusopplæringsarbeidet i soknet.

Den inneheld konkrete mål og framgongsmåtar for arbeidet og vert nytta både av tilsette og uløna medarbeidarar. Den skal reviderast kvart fjerde år, i løpet av kvar soknerådsperiode.

Om det er større endringar i planen skal desse takast opp i soknerådet, men elles skal trusopplæringsplanen - og arbeidet, opp i soknerådet kvart år. Det vil då vere høve til å ta opp særskilde tema eller utfordringar knytt til planen eller arbeidet, til dømes rekruttering av frivillige medarbeidarar.

Soknerådet skal no vedta trusopplæringsplanen for Radøy sokn. Deretter skal den sendast inn til bispedømmekontoret for godkjenning der før 15.juni 2015.

Trusopplæringsmedarbeidar Wilco Vogelaar vil gå gjennom planen i møtet.

INNSTILLING

Soknerådet godkjenner trusopplæringsplanen slik den ligg føre.

MØTEBEHANDLING

Trusopplæringsmedarbeidar Wilco Vogelaar gjekk gjennom planen. Soknerådet gav ros for godt og grundig arbeid med planen. Rådet vurderer planen som eit godt grunnlag for å videreføre arbeidet med trusopplæringa i soknet.

Soknerådet gav positive tilbakemeldingar på planen men vi bør likevel vurdere enkelte formuleringar før den vert sendt inn. Wilco Vogelaar vil legge inn endringar med utgangspunkt i drøftingane til soknerådet.

VEDTAK

Soknerådet godkjenner trusopplæringsplanen justert for endringar og innspel frå rådet.

2015/10 (S) Soknerådsva 2015

UTREDNING

Soknerådet skal syta for at det vert stilt kandidatliste(r) til valet. Rådet kan oppnemna ein komitè på minst tre medlemmer som leiar arbeidet med å finna kandidatar til soknerådet.

Soknerådet gjorde i møte 10.12.2014 vedtak om at kvart kyrkjelydsutval oppnevner ein, eventuelt to personar til nominasjonskomitè.
Gudrun Rikstad vart valgt til leiar i valstyret.

Nominasjonskomitèen har vore slik samansett:

Ludvig Grindheim, Marta G. Hvidsten, Anna Myking Gjerde, Britt Jorunn Tjore og Kristoffer Toska.

Kandidatlistar med framlegg til kandidatar skal vera kome inn til leiar i valstyret innan 1.mai 2015. Soknerådet er også valstyre.

Utdrag frå Valghåndbok kyrkjevalet 2015 pkt. 2.1.4:

Framlegg til kandidatlistar:

- skal vera kome inn til leiaren i valstyret innan 1.mai 2015
- skal vera eigenhendig underteikna av minst ti røysteføre framleggsstillarar
- skal tydeleg visa
 - kva val det gjeld, med namn på soken samt valdag(ar)
 - namna på framleggsstillarane, og eventuelt ha gruppa sitt namn som overskrift for kandidatane sine namn.
- skal oppge ein tillitsvald blant framleggsstillarane som valstyret kan vende seg til ved forhandlingar om listeframlegget
- skal ha forespurde kandidatar oppførte med fullt namn, alder, og - i den grad det er ynskjeleg eller naudsynt for å unngå forveksling - med adresse og yrke/stilling
- skal setjast opp i prioritert rekkefølge
- bør ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn blant dei foreslegne kandidatane på den einskilde lista
- bør ha minst 20 prosent representasjon av kandidatar under 30 år.

I tillegg:

- Lista til nominasjonsnemnda skal ha minst så mange kandidatar som det skal veljast faste medlemmar og varamedlemmar til saman, og maksimum det dobbelte antall kandidatar.
- Andre lister skal minst ha så mange kandidatar som det skal veljast faste medlemmar. (Radøy sokneråd har 8 faste medlemmer)
- Som vedlegg til kandidatlista skal det følge ei oversikt over fødselsdatoane og kontaktopplysningar til kandidatane.
- Ein framleggsstillar kan stå som kandidat på den same lista.
- Eit framlegg til kandidatliste ved forholdstallsval må ikkje ha framleggsstillar eller kandidat felles med andre framlegg.
- Eit framlegg som er levert inn kan ikkje kallast attende.

Soknerådet avgjer om kandidatlista skal godkjennast. Frist 8.mai 2015.

INNSTILLING

Soknerådet/valstyret godkjenner nominasjonskomiteen sitt listeframlegg slik det ligg føre.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet vurderer nominasjonskomiteen sitt listeframlegg til å oppfylle dei formelle krava til kandidatlistar.

VEDTAK

Soknerådet/valstyret godkjenner nominasjonskomiteen sitt listeframlegg slik det ligg føre.

2015/11 (S) Nye kyrkjetekstiler

UTREDNING

Sæbø kyrkjeforeining ynskjer å kjøpe ny messehakel og antependium til Sæbø kyrkje. Dei har engasjert tekstilkunstnar Åse Eriksen til å utarbeide forslag til ny raud messehakel og grønt antependium. Ho har nytta same utgangspunkt som på dei nye preikestol- og lesepultkledene. Vi har mottatt forslag til stoff- og fargeprøvar som vert lagt fram i soknerådsmøtet.

Messehakelen:

Åse Eriksen føreslår at det vakre mønsteret som er nytta i vindauga vert nytta på ein stolpe på fram- og baksida av messehakelen. Ho føreslår også at det vert nytta ein vid modell, noko som også er tilrådd av kyrkja. I møtet mellom prestane, dagleg leiar og Åse Eriksen vart det drøfta fargar. Etter innspel vil kunstnaren nytte noko mindre blå i den raude fargen, og ta inn meir gul. Dette vil gjere den raude fargen mindre burgunder, og fargen vil ikkje opplevast fullt så mørk.

Antependiet:

Det er også ønskeleg å fornya eksisterande grønt antependium. Åse Eriksen føreslår eit klede med ein enkel detalj fra mønsteret som er nytta på messehakelen.

Det er mogeleg å ha eit klede som vert nytta heile året, alternativt kan det lagast fire forskjellige antependier. Dei vil då verta laga i kvar sin farge. Ein vil då ha kleder som kan skiftast i forhold til fargane i kyrkjeåret. Det må i så fall finnast løysingar som gjer at det er lett å skifte. Oppbevaring må også kunne skje på ein enkel måte og utan at det krev for mykje ressursar.

Eksisterande klede er grønt og Åse Eriksen føreslår at vi i første omgang kan bytte dette ut med eit nytt i tilsvarande farge. Antependiet kan lagast med festeordningar som gjer at det lett kan skiftast ut dersom ein seinare vil endre til å ha fire fargar.

Etter handsaming i soknerådet skal saka sendast tenesteveg til Bjørgvin bispedøme.

INNSTILLING

Messehakelen:

Soknerådet ynskjer at det vert tinga messehakel i samsvar med utgreiinga.

Antependiet:

Soknerådet ynskjer at det i første omgang vert tinga nytt grønt antependium.

Saka vert sendt tenesteveg til Bjørgvin bispedøme.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet fekk lagt fram stoffprøvar frå tekstilkunstnar Åse Eriksen og var samd i tilrådinga for ny messehakel.

Når det gjeld antependium meiner soknerådet at det ikkje er ønskeleg å opna for at det kan nyttast fleire kleder i ulike fargar. Rådet går inn for at det vert tinga eit nytt antependium i grønn farge.

VEDTAK

Messehakelen:

Soknerådet ynskjer at det vert tinga messehakel i samsvar med utgreiinga.

Antependiet:

Soknerådet ynskjer at det vert tinga eit nytt grønt antependium.

Saka vert sendt tenesteveg til Bjørgvin bispedøme.